

Årsmelding for Kristkyrkja på Stord

2024

Innleiing

Det var ved utgangen av året 109 medlemmer i kyrkjelyden. Av desse er 61 aktive i Kristkyrkja på Stord og i Vestkirken (som har meldlemsfellesskap saman med oss). Resten er anten aktive andre plassar, eller dei har falle ut av all kristen aktivitet.

Gudstenester

Me har feira gudstenester 3-4 søndager kvar månad, slik som me pleier å gjera det.

Tematikk: I høgtidene (påske, pinse og jul) har emnene mykje godt gjort seg sjølv.

Andre emner: Jesu svar til ein ven i tvil. Herren kjem. Guds truskap (Ole Henry Halleraker), Den samaritanske kvinna ved Sykars brønn, ein serie om Salme 9, Kolossarbrevet 2, 3 og 4. Salme 121

Talarar dette året: Jens Thoresen, Knut Arve Nordfonn, Ole Henry Halleraker, Håvard Berger, Arne Topland, Eivind Frøen, Batyr Nursen, Stig Magne Heitmann, Håkon C Hartvedt, Ul,f Magne Løvdahl,

Døypte i 2024



Den 2.januar : Maryam Adelkhani.
24. november: Kalifah Helland

30-årsjubileum

Den 17. november feira Kristkyrkja 30 årsjubileum. Då fekk me besøk frå venene våre i Vestkirken, og pastor Ole Henry Halleraker forkynte Guds ord for oss på ein minnerik måte. Etterpå var det middag, kaker, kaffi og helsingar. Det vart ei gild tilstelling.



Evangelisering

5.-9. august gjennomførte me vår årlege evangeliseringsaksjon på Leirvik torg.



Den 31. august traff me på denne herlege gjengen frå Borneo (Malysia), barn av den enorme vekkinga som har gått over Sarawak frå 1928 og fram til dags dato. Ein million menneske har funne Jesus i laupet av desse 96 åra. To av desse herlege mennene, som jobbar her på Stord, har funne sin plass i Kristkyrkja etter denne lukkelege dagen.

Det har også vore evangelisering 30. mars og 21. september.

Møtehelger



8.-10. november var Batyr Nursen og Stig Magne Heitmann på besøk, og me hadde møter saman med Frelsesarmeen i deria lokaler. Strålande forkynning. Batyr er det 7. kristne menneske i Turkmenistan, og har vore Guds reidskap til store vekkingar i heimlandet, og over store deler av den tyrkiske verda som strekker seg frå Tyrkia til Kina (Sentralasia/Silkevegen). Han driv no misjonsorganisasjonen SilkPartners, som Kristkyrkja no støttar månadleg, i første omgang med 2000 kroner. Stig Magne Heitmann har i mange år arbeidd for Opne Dører i Noreg, reist og besøkt martyrkirkeja i mange land og skrivt mange bøker om forfølgde kristne. Det var eit svært takknemleg besøk.



6.-8. september hadde me møtehelg med vår gode ven gjennom mange år Eivind Frøen. Denne gongen saman med Frelsesarmeen i deira lokaler. Møtene med Eivind er viktige for oss. Han har ein tendens til å kalibrera oss åndeleg. Ein fjelltur vart det tid til også i finværet denne gongen.

Bibelhelg

15.-17. mars arrangerte me **Bibelhelg** i Frelsesarmeen med **Ulf Magne Løvdahl** som hovudtalar. Det var ei veldig lærerik helg for oss alle. Løvdahl har gjennom mange år laga seg ei stor samling med biblar frå mange år attende i tid. Noko av denne samlinga hadde han med seg. Her var det store verdjar.



Konfirmasjon



Den 12. mai vart Magnus Nordfonn konfirmert.

Han svara godt for seg, og det vart ei fin stund i kyrkja.

Godheit 2024



Me arrangerte Godhet 5. og 6. juni, og avgrensa oss, mykje pga været, til å rydja i ein hage.

Økumeniske leiarsamlingar

Det vart arrangert tre slike i 2024. Den første om vinteren hos Klippen på Bremnes, den andre på seinsommaren hos Kristent Fellesskap, og den tredje om hausten der me i Kristkyrkja stod som arrangørar. Den siste var godt besøkt. Men det er vanskeleg å få leiarene til å kryssa kommunegrensene.

Bønneveke

10.-14. juni arrangerte me bønneveke der me møttest kvar ettermiddag for å be frå kl 18-19. Dette var sterke samlingar.

Nasjonal bønnekonferanse



I samband med Tusenårsjubileet for kristninga av Noreg, var me med på å arrangera Nasjonal bønnekonferanse i Stord hotell 24.-26. mai. Ungdom i Oppdrag og Nasjonalt Bønneråd var hovudarrangørar. Me fylte ein lokal funksjon. Folk med fleire bønnekonferansar bak seg, meinte dette vart den sterkaste dei hadde vore på. Den 26.mai var det bønnevandring på Moster rundt Gamlekyrkja, Amfiet og Vetahaugen.

På bilete forrettar pastoren nattverd utanfor Gamlekyrkja.



Sentrale personar i Bønnekonferansen: **Jon Steinar Kjøllesdal** og **Håvard Sand** ved skulpturen av Tora Mostrastong der me hadde ein stopp med bønner og profetiske ord.

Bønearbeid

Det andre halvåret har kyrkjelyden vore samla til ein times bøn kvar måndag kveld frå 20-21. Dessutan har me ein bønering som vert administrert i hovudsak av pastoren, men bønemner kan også leggjast inn av andre som er med i denne ringen.

Kyrkjelydsrådsmøter

Rundt rekna annankvar tysdag, utanom i juli, har kyrkjelydsrådet vore samla for å styra Kristkyrkja så godt som råd er. Samarbeidet har vore godt. Dei som sit i rådet er: Jens Thoresen (formann), Tove Thoresen, Marie Notland, Marit Helene Aas, Annbjørg Notland Reinertsen, Jørn Rune Reinertsen (kasserar), Ingvild Nordfonn og Knut Arve Nordfonn.

Bibelgrupper

Heile dette året har me hatt to bibelgrupper i sving, ei vaksengruppe leida av Svetlana Sætre, og ei ungdomsgruppe leida av pastoren. Gruppene har vore saman kvar onsdag, og er ei livsnerve i kyrkjelydslivet.

Lovsongstenesta

Lovsongstenesta har dette året også vore leida av to team:

Team 1: Ingvild og Knut Arve Nordfonn og Marit Helene Aas.

Team 2: Marit Helene Aas, Marianne Sjursen og Jens Thoresen.

Teama har tilført kyrkjelyden mange nye fine lovsongar. Det er eit skattkammer.

Økonomi

Jørn Rune Reinertsen har gjennom mange år trufast ført rekneskap for kyrkjelyden, og me takkar han for det.

Teknikk

Jørn Rune Reinertsen har hovudansvaret for teknikken i kyrkjelyden. Annbjørg N. Reinertsen styrer med songtekstane. Dette året har dei to dessutan hatt stadig betre hjelp frå borna sine: John Ruben R, Anna Naomi R og Levi Elias R. Me takkar dei for at dei står i denne tenesta.

Kyrkjelydsrådet v/

Jens Thoresen, Knut Arve Nordfonn, Marie Notland, Annbjørg N Reinertsen, Tove Thoresen, Jørn Rune Reinertsen, Ingvild Nordfonn Marit Helene Aas